



Hordaland Fylkeskommune
Regionalavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2570 - 15/21499

Saksbehandlar:

Lillian Straumøy Brakstad

lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:

01.12.2015

Høyring - søknad om dispensasjon frå kommuneplanen, krav om områdeplan for Flatøy aust, del av gbnr 1/19 og 1/20.

Saka gjeld:

Ard arealplan as har på vegne av Hanna Solberg og Kristian Samuelsen søkt om dispensasjon frå krav om områderegulering av Flatøy aust for del av gbnr 1/19 og gbnr 1/20, jf kommuneplanen § 4.5 om felles planlegging for H810_6 Flatøy aust.

Planstatus:

Eigedomane er i reguleringsplan for Flatøy aust – planid 12561971015 - avsett til LNF. I gjeldande kommuneplan er eigedomane definert som bustadområde med plankrav. Føresegnene til kommuneplanen § 1.1 fastset at for omsøkt område går kommuneplanen sin arealdel føre gjeldande reguleringsplan.

Søknad om dispensasjon:

Det er i skriv frå tiltakshavar søkt om dispensasjon for krav om områdeplan for Flatøy aust, del av gbnr 1/19 og gbnr 1/20, sjå vedlegg.

For grunngjeving av søknaden vert det vist til denne i sin heilheit.

Kommuneplan og lovgrunnlag:

Kommuneplanen sin arealdel er styrande for arealbruken og søknaden vert først vurdert i høve til den.

Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19-2:

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt dispensasjon frå.

I § 1-1 i plan- og bygningslova heiter det m.a.: Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kommunen bør ikke gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring:

Tiltaket er tilstrekkeleg gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast.

Etter gjeldande sakshandsamingsreglar skal søknaden om dispensasjon sendast regionale styresmakter ved Fylkesmannen i Hordaland – Kommunal-og samfunnsplanavd., Hordaland Fylkeskommune – Regionalavdelinga og Statens vegvesen Region Vest til uttale, før det vert gjort vedtak i saka.

Frist:

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon til krav om områdeplan for Flatøy aust, for del av gnr 1 bnr 19 og 20 Futemyren - Solberg

informasjonsvedlegg

1-19 1-20 1_3000

1-19 1-20 1_2000

Mottakere:

Hordaland Fylkeskommune	Regionalavdelinga	5020	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland - Kommunal-/samfunnsplanavd.	P.b 7310	5020	BERGEN
Statens vegvesen Region vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER